
Vår referanse 2020/78325-5
Dato 25.05.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Klage - Bustad - Fv. 5456 Eidavegen - Gnr 236 bnr 20 - Askvik - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 30.04.2021. Vi viser og til vår uttale datert 21.12.2020.

Saka gjeld avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av bustad på gnr. 236 bnr. 20 i Alver kommune. Vedtaket er klaga på av søkjar.

Søkjar skriv mellom anna i klagen:

«Ei foreløbig vurdering av avkjøring mot Eidavegen viser at denne nok lar seg tilpasse slik at den tilfredsstillar dagens krav etter det vi har fått opplyst. Ei endeleg prosjektering og søknad vil medføre ein relativt stor kostnad for tiltakshavar og ein ynskjer difor ikkje å gjere dette før det føreligg ei positiv vedtak i saka men vil sjølvstgå få dette på plass som del av byggjesak når dette kjem».

Vi har vore på synfaring på staden, og vel difor å kome med ei ny vurdering til klagesaka.

Dersom vi skal gje løyve til endra bruk vil det medføre krav om vesentleg utbetring av avkøyrsla. Siktforhold må utbetrast, og det vil vere behov for å ta ned terreng på motsett side av vegen, retning Ostereidet. Svingradius må rettast opp, og lengdeprofilen dei første fem meterane må justerast. Tilkomsvegen må sannsynleg leggjast om, noko som er krevjande fordi terrenget er sidebratt. Det må vere eit mål at til dømes brannbil kan kome til tomta. Vi meiner at utbetring av avkøyrsla bør vere del av dispensasjonsvurderinga, og ikkje takast i etterkant slik søkjar ynskjer.

Vi viser elles til vår uttale 21.12.2020, som framleis står ved lag.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift